

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 14.03. 2006
Sakshandsamar: Gunnar Hoff
Saka gjeld: **Plan for internrevisjon 2006**

Sak: 05/06 B
Sak: 038/06 B

Kontrollkomitémøte: 22.03.2006
Styremøte: 03.05. 2006

Innleiing

Internrevisjonen i Helse Vest RHF er ein kontrollfunksjon som på vegne av styret gjennomfører uavhengige kontrollar i helseføretaksgruppa. Internrevisjonen skal utarbeida ein årleg plan for arbeidet, som skal godkjennast av styret. Planen for 2006 ligg no føre. Opphavleg var det planlagt å handsama planen på styremøte i februar, men på grunn av foreståande endringar i styret / kontrollkomité og at det var ønskjeleg å ta omsyn til krav og prioriteringar frå føretaksmøte og i bestillardokument, vart handsaminga av planen utsett.

Planen vil vera styrande for internrevisjonens aktivitetar i 2006, men revisjonsaktivitetar bør kunne omprioriterast dersom det oppstår hendingar som tilseier dette. Endringar i plan, eventuelt prioritering av nye oppgåver, skal godkjennast av kontrollkomiteen / styret.

Kommentar

Internrevisjonen har utarbeidd ein risikobasert plan og prioritert revisjonsaktivitetar som er forventa å gje styret større tryggleik i forhold til deira tilsynsansvar og betre innsyn i situasjonen på risikoutsette områder. Vidare er siktemålet at dei planlagde aktivitetane også skal bidra til forbetring i organisasjonen.

Risikoar er identifisert gjennom ein systematisk prosess med følgjande element:

- Identifisering og innhenting av styringsdokument
- Identifisering av mål, vedtak og regelverk
- Gjennomgang av kontroll- og tilsynsrapportar
- Gjennomgang av dokumentasjon frå internkontrollkartlegging i Helse Vest
- Informasjons- og prosessmøte med leiargruppene i helseføretaka
- Analyse og bearbeiding av data
- Vurdering og prioritering av risiko

Internrevisjonen har kartlagt risiko på eit overordna nivå i alle helseføretaka. Dei overordna risikoane er i planen gruppert og presentert under kategoriene; overordna styring og kontroll, økonomi, regeletterleving, måloppnåing, endring, etikk/omdømme, rapportering og prosjekt. På grunn av at verksemda i Apotekene Vest HF og Helse Vest IKT AS, i vesentleg grad skil seg frå dei andre føretaka er dei overordna risikoane presentert særskilt for desse to føretaka.

Som ein del av planen har vi utarbeidd eit oversyn over moglege prosjekt, basert på den risikoen som er omtala under i punkt 3 i planen. Prosjekta er sett opp i ei tabellarisk oppstilling, som inneheld ei samanstilling av aktivitet, revisjonshandlingar, timeanslag og prioritet.

Det vil av ulike grunnar ikkje vera mogleg å gjennomføra kontrollar inn mot alle dei risikotema som er identifisert i planprosessen.

Prioriteringa av aktivitetar / prosjekt er basert på ei relativ vurdering av risikoane som er identifisert, forventa effekt av revisjonsinnsatsen, og at det bør gjennomførast kontrollar innan alle risikogrupper / kategoriar (overordna styring og kontroll, økonomi, regeletterleving, måloppnåing, endring, etikk og omdømme, rapportering og prosjekt). Prosjekta er nummererte på ein skala frå 1 til 4, der 1 er viktigast. Alle prosjekt med prioritet 1 er planlagt gjennomført i planperioden.

Prioriteringane er delvis basert på skjønn og var gjenstand for drøfting i kontrollkomiteen. Komiteen slutta seg til internrevisjonens prioriteringar med unntak av at prioritet på prosjektet Styringsstruktur vart endra frå 2 til 1. Dette prosjektet er innarbeidd som ei prioritert oppgåve i planen for 2006.

Vedtak i kontrollutvalet

Kontrollkomiteen godkjenner plan for internrevisjon 2006 med den endringa som vart gjort i prioritet på prosjektet, Styringsstruktur.

Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner plan for internrevisjon 2006. Kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenna endringar i planen.